



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET

Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2024/447-28	Kristin Handeland	04.06.2025

Høyring - forslag om endringar i valforskrift

Fedje kommune har følgjande høyringsuttale til forslag om endringar i valforskrifta:

Fedje kommune støtter Kommunal- og distriktsdepartementet sitt forslag om å begrense funksjonalitet og datatrafikk på maskiner som har tilgang til det elektroniske valgjennomføringssystemet (EVA), samt forskriftsfeste krav om programvare for monitorering for datamaskiner brukt til EVA skanning.

Endringa knytt til krav om personleg pålogging på maskin støtter vi ikkje og ber om at dette vert valfritt og ikkje forskriftsfesta.

Vi forstår at departementet ønskjer å følgje NSM sine grunnprinsipp om unike personlege brukarar ved maskinpålogging, men dette bør gjelde for brukarar som treng pålogging over ein periode av ein viss storleik. Brukar som berre treng tilgang til maskina på valdagen, bør unntakast dette prinsippet.

Kommunen ber om at vert gjort unntak frå NSM sine grunnprinsipp ved valgjennomføringar, då andre sikkerheitskrav begrensar potensiell sikkerheitstrussel og manuelle kontrollmetodar ivaretek denne type sporing av utru tenarar.

Innføring av personleg pålogging har marginal nytteeffekt i høve til sikkerheit, og vi kan ikkje sjå at dei positive verknadene av dette er større enn dei negative, jamfør 3.2.1 i høyringsnotatet.

Tiltaket kjem i tillegg seint i prosessen og fører til vansker med implementeringa. Til dømes oppsett for valpcar, som allereie er i bruk må endrast. Ei forskriftsfesting vil gje kommunen auka sårbarheit knytt til pålogging for valmedarbeidarar, kompliserer valgjennomføringa og auka ressursbehov.

IT-samarbeid og endringar av sikkerheitskrav

Kommunen er med i eit IT-samarbeid med 14 andre kommunar (IKTNH). IT-samarbeidet har, i samarbeid med felles sikkerhetsorganisasjon og valansvarlege, konkludert med at beste løysing for kommunane er å setje opp maskinene med unik pålogging pr kommune.

Til valet i 2025 er sikkerhetsrettleiar frå direktoratet fulgt ved oppsett av valpcar til kommunane. Valansvarlege eller valmedarbeidarar har berre tilgang til EVA frå val-pc.

Maskina er herda slik at det ikkje er mogleg å «surfe» på nett, installere eit program eller logge seg på andre nettverk. Du må vere i eit spesifikt nett, og her berre tilgang til å logge deg på EVA og valmedarbeidarportalen.

FEDJE Kommune - Besøksadresse: Kalvedalen 1.

Telefon: 56165100 | Org.nr: postmottak@fedje.kommune.no | www.fedje.kommune.no

Proessen med å gje maskintilkopling per brukar vil gje meirarbeid for IT-samarbeidet. Valarbeidarar er gjerne ikkje tilsett i kommunen. Tilsette i kommunen kan ikkje logge seg på valpc med eigen tilsett-brukar, men ha eigen pålogging, med begrensar rettar for å stette sikkerheitskrava. Maskinene er under strengt regime og valmedarbeidar får tilgang til maskina først når hen er på plass i vallokalet.

Ved første gongs pålogging, er det behov for at maskina er i kabla nett. Vallokala er gjerne utan kabla nettverk.

Departementet har gjort vurderingar knytt til forskriftsendringane. Utklipp frå høyringsnotat kap 3.2.1:

«Kravene bør, av hensyn til tiden kommunene og fylkeskommunene har til disposisjon før stemmingen begynner til stortings- og sametingsvalget i 2025, være enkle å innføre og føre til en betydelig nytteeffekt, selv om effekten i de fleste tilfeller vil være vanskelig å måle. Sikkerhetsloven stiller krav om forsvarlig sikkerhetsnivå i virksomheten på bakgrunn av jevnlig risikovurderinger. Det kan derfor være nødvendig å gjennomføre ytterligere sikkerhetstiltak dersom risikoen tilsier det.»

Tilgangsstyring og ROS-analyse

I høyringsnotatet vert det vist til NSM sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit som slår fast at alle kontoar bør kunna sporast tilbake til ansvarleg brukar. Sikkerheitsorganisasjonen i felles IT-samarbeid har også utarbeidar retningslinjer for digital sikkerheit og stiller same krav om personleg brukar ved pålogging for tilsette.

Kommunane i IT-fellesskapet har i samarbeid gjennomført ROS-analyse for valgjennomføring, tilpassa denne til lokale forhold, og gjort vurderingar knytt til maskinpålogging på kommunenivå og ikkje på brukarnivå.

Med sikkerheitsrettleiar som grunnlag for arbeidet og risiko og sårbarheitsvurderingar (ROS) undervegs i valgjennomføringa vil ein ha alternative løysingar for sporing på maskinnivå:

- Maskina vart kjøpt inn ny, til bruk under valgjennomføringa, og blir oppbevart i kontrollerte omgjevnader frå IT får den i hende, til valarbeidet er fullført.
- Valdirektoratet sitt monitoreringsprogram er installert.
- Ved bruk, vil namngjevne personar få ansvar for datamaskina.
- Krav om to personar til stades med maskiner som vert brukt i vallokala.
- Maskina er «herda», som vil seie at det særst lite mogleg å gjere noko med maskina. Ein kan ikkje laste ned eit program frå ei nettside, eller nytte ein minnepenn.
- Maskina er knytt opp til eit særskilt nettverk, samt ein type mobilnett og vil ikkje kunne nyttast av andre nettverk eller mobilnett.
- Rutiner for å hente og setje tilbake pc i kontrollerte omgjevnader
- For å få tilgang til EVA, må vedkomande ha ein brukar oppretta i systemet og brukar må logge seg på med personleg elektronisk ID, som til dømes BankID.

Valdirektoratet sin sikkerheitsrettleiar, er vår vurdering at våre tiltak er tilstrekkelege.

Tilleggskravet om unik maskinpålogging vil gje fleire ulemper enn fordeler.

Fordelane med tilleggskravet er at kommunen føl NSM sin standard og vår eigen sikkerheitsorganisasjon sine retningslinjer og at ein har teknisk sporing ved eventuelle avvik.

Med helsing

Kristin Handeland

Leiar fellestenester

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

